



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-227 OG

Hovdebygda, 3. september 2015

Høyringsfråsegn om ny støtteordning for vekeaviser

Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok i møte 12. juni 2014 ei høyringsfråsegn om den utgreiinga om saka som då låg føre frå Medietilsynet. Høyringsframlegget frå regjeringa skil seg lite frå hovudlinjene i 2014-forslaget frå Medietilsynet. Dei overordna synspunkta og argumenta våre frå den gongen står difor ved lag.

Først av alt: Det er svært positivt at regjeringa føreslår ei ordning som skal ta øyremerkt omsyn til nynorsk, og der det vil løne seg å gi ut avis på nynorsk. Det er første gongen i den historia om norsk presestøtte som tok til i 1969 at ei regjering gjer noko slikt. Nynorsk kultursentrum har ved fleire høve peika på behovet for slike støttepolitiske omsyn, og at denne sida av saka aldri har vore framme i nokon av dei mange offentlege utgreiingane om mediepolitikk. Såleis gjer regjeringa no noko heilt nytt som er av det gode.

Kor verdfullt dette er, vil kome tydeleg fram når vi seinare i haust gir ut *Språkfakta 2015* med oppdatert og ny informasjon om mellom anna samla opplag og pressestøtte fordelt etter språk.

Den nye ordninga inneber at det er Stortinget som avgjer kor mykje pengar som skal brukast, etter framlegg frå regjeringa. I åra 2007–2015 låg den avgjerda iallfall delvis i Kulturrådet. Kor raus ordninga blir, og kva særfordel nynorskaviser får, er ein del av den årlege budsjettdragkampen. Det kan gjere støtteordninga meir utsett og mindre føreseieleg enn ønskjeleg.

Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på to moment i høyringsframlegget: nynorsksats og opplagstak.

§ 1

Ordet *kultur* var i si tid inne i retningslinjene, men er no teke ut til fordel for *nyheiter* og *aktualitetar*. Vekeavisene sin styrke er andre ting enn nyheiter, og sjølv om *kultur* er eit innhaldsrikt ord, er det svært relevant å få det inn att. Vi gjer difor framlegg om slikt tillegg:

Produksjonstilskuddet skal stimulere til [fremme] et mangfold av nyhets-, kultur- og aktualitetsmedier karakterisert av ...

§ 4

Ordninga må formast slik at den er dynamisk og ikkje verkar konserverande og stengjande. Krava for å kome innanfor er så strenge at det no skal mykje meir til for å oppnå støtte enn



under ordninga slik Kulturrådet definerte den i 2008 og 2009. Dei spesifiserte krava gjer det rett og slett altfor vanskeleg å etablere nye publikasjonar.

Ein måte å løyse dette på, er å redusere kravet til kor stor del av opplaget som skal seljast utanfor utgivarfylket, til dømes 10 prosent i staden for 30 prosent som står no. Ei anna løysing, som vi meiner er den beste, er å stryke ~~selger minst 30 prosent av opplaget utenfor utgiverfylket, og har et opplag på minst 50 i en tredjedel av landets fylker~~. Det siste leddet inneber at minst 270 av 1000 eksemplar skal seljast utanfor fylket og er såleis nesten identisk med kravet i leddet framanfor. Å få til såpass riksdekkjande distribusjon raskt er krevjande, og dette må vere ei støtteordning som stiller høge krav, men vi rår til at ein legg meir vekt på journalistisk kvalitet og mindre på nasjonal distribusjon når det er tale om eventuelle nye aktørar.

Vi gjer elles merksam på at dei to ulike storleikane *opplag* og *sal* er brukte som synonym i denne paragrafen. Det er uheldig.

Nynorsk kultursentrum meiner det må vere ei øvre grense for støttegyldig opplag. I 2014-utgreiinga peika Medietilsynet på 20 000 som ei slik grense. Det resonnementet følgjer vi lett. Nynorsk kultursentrum går inn for at grensa for støtte blir sett til 20 000 eksemplar. Å gjere dette er å bruke det same verkemidlet som i ordninga med produksjonstilskot for nyheits- og aktualitetsmedium, der taket er sett til 6000. For å sikre ei stimulerande og dynamisk ordning kunne ein tenkje seg at aviser med større støttegyldig opplag enn 20 000, får redusert støtta for det overskytande opplaget til 25 prosent.

§ 9

Det må vere tydeleg kva som skal til for å kome inn under nynorskdelen. No heiter det berre at avisa i hovudsak skal vere redigert på nynorsk.

Når ordninga no blir gjord såpass mekanisk som den blir, gjeld det å vere konsekvent. Det er rimeleg å krevje at ein publikasjon kan dokumentere ei viss mengd nynorsk, og då er ein prosentsats vanskeleg å unngå, men det absolutte talet er heller ikkje uviktig. Skal ei avis på 16 sider med 60 prosent nynorsk vere meir kvalifisert enn ei avis på 48 sider med 20 prosent nynorsk?

Argumentet for at mengda lesestoff er viktig, har mykje for seg, men eit redaksjonsmiljø blir meir dedikert til oppgåva viss nynorsk er det dominerande redaksjonsspråket. Eit anna moment er dei språkblanda avisene, som har bestemt at dei redaksjonelt bruker både nynorsk og bokmål. Desse avisene står for tida sterkare på den norske avismarknaden enn før, og dei er viktige for utbreiinga av lesestoff på nynorsk. Likevel meiner vi at støtteordninga bør avgrensast og konsentrerast. Difor meiner vi at sats 1 bør spesifiserast til:

Ukemedier som i hovudsak benytter nynorsk ved at minst 70 prosent av det redaksjonelle stoffet er på nynorsk.

Det variable tilskotet som skal utgjere denne nynorskfaktoren, må vere reelt. Dette er den faktoren som avgjer kor reelt språkpolitisk stimulerande den nye ordninga blir. No er framlegget for vagt. Medietilsynet brukte i 2014 nynorskfaktoren 10,85. Det er kunstig å etablere ei ny støtteordning med multiplikasjonsfaktorar på to desimalar, som einast tek utgangspunkt i status quo frå 2014. Vi meiner nynorsksatsen bør vere 15 prosent.

Alle løyvingar må gå til journalistikk og innhald. Framlegget opnar for det som diffust blir kalla «alle tilknyttede medieprodukter», som kan vere litt av kvart. Her trur vi det gjer seg med ei avgrensande presisering.



Tilskotsutvalet

Det er uklart kva rolle det såkalla tilskotsutvalet har i arbeidet med søknader og tildelingar. All erfaring tilseier at slike element blir fastlagde på førehand.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s)
styreleiar



Ottar Grepstad
direktør